

# Sakkeus

Lukas 19:1-10

## Bakgrunn

Jesus er han som alltid ser. Kva såg Jesus denne gongen? Jesus såg "eit Abraham's barn." Folk flest såg ein person som hadde rota livet sitt til, og hadde seg sjølv å takke. Ein det var lov å ikkje like. Ein som stjal.

Jesus såg Sakkeus i mengden, såg at han var ein som hadde sett seg utføre samfunnet ved å handle som han gjorde. Jesus såg at ingen såg ut til å hjelpe han ut or uføret og inn i felleskapet att. Jesus gir Sakkeus livet på ny, ved å ta inn hjå Sakkeus. Dette fekk konsekvenser. Sakkeus vel å gi respons som knyter han inn i fellesskapet igjen.

Kva vil vi fortelje fram i denne kjende forteljinga? Det kan vere lett og konkret å snakke om at Sakkeus var liten og klatra opp i et tre, men det er både viktigare og vanskelgare å få fram at Jesus kom med frelse til Sakkeus. Korleis skjedde det?

Måltid og felleskap er verkemidla Jesus sjølv brukar for å nå inn til Sakkeus, for å minne han på at han og er "eit Abraham's barn", eit menneske det er verd å bry seg om.

"Frelse" er eit av dei mest sentrale omgrepa me har i den kristne trua, og i denne samlinga får ein eit unikt høve til å ta opp og undre seg over netopp frelsa. Ikkje minst viser Sakkeus oss tydeleg at å ta imot frelse fører til at ein vil gi respons.

Ver førebudd på at materiell rikdom er eit tema som gjerne dukkar opp i undringa etter denne forteljinga.

## Materiell

*Dei tre kvite filtsirklane.*

*5 (A4) illustrasjonar som viser forteljinga, med hovedvekt på: menneskeverd, felleskap, måltid, frelse, respons. Desse kan du lage sjølv, eller låne frå andre opplegg om Sakkeus. Legg illustrasjonane ned framføre borna etterkvart som du fortel.*

*Eller, dersom de er nok hjelparar (vaksne, konfirmantar eller 11 åringar?) kostymer, til eit dramastykke om Jesus og Sakkeus med hovedvekt på menneskeverd, felleskap, måltid, frelse, respons.*

## SAKKEUS

Ha dei kvite filt sirklane samanrulla og klar til å rulle ut slik at dei saman dannar ein trekant. sei: **"I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande"** medan du legg handa på kvar av sirklane, og gjentek: **"Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren."**

Pause.

Sei: **"Det var eingong ein som som sa slike flotte ting, og gjorde slike fantastiske ting at folk berre måtte spørje: Kven er du? Det var Jesus, han som alltid ser."**

Sakkeus var ein mann som samla inn skatt frå folk. Det var pengar dei måtte betala til kongen. Men Sakkeus tok meir pengar enn han hadde lov til. Han tok dei sjølv for å bli rik. Ikkje mange likte Sakkeus.

Ein dag kom Jesus til byen. Alle gjekk for å sjå han. Til og med Sakkeus. Men Sakkeus hadde eit problem. Han var så liten. Alle stod i vegen for han. Han kunne ikkje sjå noko.

Då fekk Sakkeus ein ide. Han sprang lenger fram og klatra opp i eit stort tre. Han hadde funne ein perfekt plass der han kunne sjå Jesus, og alt folket som kom.

Då Jesus kom bort til treet, stansa han. Han såg opp på Sakkeus. "Sakkeus" sa han, "kom ned. I dag vil eg besøkje deg!"

Sakkeus klatra ned frå treet. Jesus ville besøkje han! Han tok Jesus med seg heim. Det var det mange folk som ikkje likte, men Sakkeus sa til Jesus: "No vil eg gjera det som er rett. Har eg tatt for mykje pengar frå nokon, vil eg gi dei tilbake. Eg vil gi halvparten av det eg eig til dei fattige. Så vil eg gi fire gonger det eg tok frå dei eg truga pangar frå." Jesus vart glad og sa: "I dag er frelse komme til dette huset."

Stort er trua sitt mysterium.

## UNDRING

Eg undrar på kvifor Jesus ville besøkje Sakkeus?

Eg undrar på kva dei snakka om?

Eg undrar på kvifor folk ikkje likte at Jesus besøkte Sakkeus?

Eg undrar på kva det var Sakkeus gjorde som var rett?

